

SMÅSTYKKER

7. *Skarvetrekk over Østerdalen.* — Den 14. april 1974 kl. 16.20 oppdaget jeg en større fugleflokks som kretset i stor høyde over Tynset i Østerdalen. Fuglene befant seg til å begynne med i ca. 500-600 meters høyde, tilsynelatende i ferd med å stige høyere. Jeg trodde først det var gjess som hadde brutt plogformasjonen, og hentet kikkert (7×50) for å se nærmere på dem. Jeg fikk da se at det var skarv, som arbeidet meget kraftig for å komme høyere. Kretsingen fortsatte ca. 5 min. før fuglene satte kurs rett nordover i en bred, butt plogformasjon. De var da sannsynligvis et par hundre meter høyere enn da jeg oppdaget dem.

Observasjonsforholdene var gode, med gode lysforhold. Hvilken skarveart det dreidde seg om, kunne jeg ikke avgjøre, selv om jeg kjenner skarven ganske bra, bl.a. fra kyttjeneste i marinens i Nord-Norge. For meg fløy de for høyt til en nøyaktig artsbestemmelse.

Det foreligger så vidt jeg vet spredte observasjoner fra indre Oslofjord som kan tyde på et skarvetrekk nordover fra Oslofjorden over de indre østlandsområder. Den aktuelle observasjonen understøtter dette.

Jeg oppdaget som nevnt fuglene da de kretset for å vinne høyde, men kan vanskelig tenke meg at dette kunne skyldes mellomlanding. Landskap og årstid taler mot dette. Det var liten NW kuling på bakken, men skyene kunne tyde på kraftigere vind høyere oppe. Dessuten var det solgløtt og bygevær, og $+5^{\circ}$ C. Fuglene fikk vinden inn skratt forfra, og det er mulig at motvinden var årsaken til at formasjonen var brutt. Man kan imidlertid av og til se at traner kretser på samme måte i dette området før de går løs på fjellovergangen, og antagelig kretset skarvene for å få større høyde før fjellet. Det som er interessant, er det store antall fugl, ca. 300, som tyder på at det ikke dreier seg om en tilfeldighet, men om en reell trekkrute for skarv i retning N-S/S-N over innlandet i Sør-Norge. — Hans J. Engan.

8. *Harlekinand på Sunndalsøra.** — På føremiddagen den 30. mai 1973 vart det oppdaga ein ♂ av harlekinand i vårdrakt ved utløpet av Driva i Sunndalsfjorden.

Førsteinntrykket var ei lita svart and med kvite flekker og streker, men ved nærmere ettersyn var det berre hovudet og halsen som hadde sotsvart grunnfarge. Fremste del av brystet var mørkt gråblå, likeins rygg og buk, medan sidene av buken var vakkert mørkeraud. (Nærare beskrivelse med fargedias og svartkvittfotos er innsendt til redaksjonen.)

Fuglen dukka i ei lita forgreining av elva med middels sterk strøm og sette seg snart på land. Han verka nokså vaksam, men let seg studera ned til ca. 20 m. Om ettermiddagen vart anda fotografert og grundig studert. — Om kondisjonen er å seia at fuglen helst dukka ved bredden der strømmen ikkje var så sterk, men også ute i sterke strøm. Anda var fleire gonger under vatn i vel 10 sekund. Fuglen vart sett flyga nokre gonger, opptil eit par hundre meter på det lengste. Kvilepausene var truleg ikkje fleire og lengre enn det som er normalt for dykkender. At fuglen kan ha rømt frå fangenskap, er vel lite sannsynleg, ettersom harlekinanda har svært spesielle miljøkrav.

Harlekinanda heldt seg på staden i 3 dagar. Veret var varmt med litt sør austleg vind, og også veka føreåt hadde hatt roleg og ikkje kaldt ver.

Iflg. Haftorn (1971) er det tidlegare gjort 4 meir eller mindre usikre observasjonar av arten her i landet (1817—1903). Dette blir dermed det første heilt sikre funnet av harlekinand i Norge. — John Bjarne Jordal, Arne Inge Holen.



8. Harlekinand på Sunndalsøra 1973. — Foto: Arne Inge Holen.

9. *Rustand på Jæren.** — Ein av dei første dagane i mai 1974 observerte familien Arnulf Johanson ei rustand, *Tadorna ferruginea*, i Horpestadvatnet i Klepp. Fuglen, ein hann i praktdrakt, heldt seg gjerne saman med gravender, og den 25. mai var vi ute og såg på anda og fekk ta fargefoto av fuglen.

Frå først i april til 9. april såg Gotfred Hodne ein «rar fugl» på Hodne i Klepp (4-5 km lenger nord), som furasjerte på snauvokst grusvegetasjon ikkje langt frå sjøen. Den 9. april såg også Louis Stålesen same fuglen same stad og laga ei skisse nokre dager seinare. Beskrivelse og skisse høver svært godt med rustand, og det er truleg same fuglen som har vore her i omlag 7 veker, minst.

Iflg. Haftorn (1971) er arten sett 13 gonger i Norge før, oftast om hausten. På Jæren er den funne ved Nærland i august 1898, 2 ind., og same stad også i september 1915, 2 ind. — Fuglen ruger i sørvest-Europa og sporadisk ein stad i Sør-Spania (Marismas), dessutan i NW-Afrika og i Asia. — Kåre Kyllingstad, Svein Efteland.

10. *Steppebrakksvale på Mølen, Brunlanes.^o* — Under en tur på Mølen den 3. juni 1974 ble jeg ved 5.30-tiden oppmerksom på en kort og noe hes lokketone, som stadig ble gjentatt. Idet jeg kom over en liten bakketopp, oppdaget jeg lydkilden: To fugler på et nypløyd jorde ca. 20 m foran meg. Jeg så fuglene rett fra siden. Med god sidebelysning (svak sol) og en 7×50 kikkert hadde jeg ypperlige observasjonsforhold.

Fuglene virket langstrakte og kortbente, på størrelse som vite. Nebbet var kort og noe nedoverbøyd. Fargen var olivenbrun med noe lysere underside. På begge individer så jeg en gulaktig strupeflekk, innrammet av en distinkt, svart stripe.